

## På sporet av Tillich

//

//]]]]> // ]]>

**BOKOMTALE: I *Mot til å leve: Et møte med Paul Tillichs tanker og tro* møter lesaren berre ein halvdel av Tillich si tenking. Likevel gjer forfattaren sine særeigne tolkingar boka verdt å lese.**

*Av Alexander Myklebust*

Sjølv om det er Paul Tillich (1886–1965) som spelar hovudrolla i *Mot til å leve*, står han sjeldan åleine på scena. Mykje av tankegodset i boka blir til i møte med mellom andre Homer, Sartre og Nietzsche, og dei som har følgd ei eller fleire av dei mange førelesingsrekkene Bjørn Hølgernes (1947–2013) heldt ved Universitetet i Bergen vil kjenna att dei særeigne intellektuelle brytingane han gjer med desse tenkarane. Desse kan ein også finne i dei tidlegare bøkene hans, og særskilt *Angst i eksistensfilosofisk belysning: en studie i Irvin D. Yalom og Søren Kierkegaard*, og *Ut av det hellige kaos: Martin Heideggers kunstfilosofi belyst gjennom et eksempel på gudenes nærvær* er tilrådd lesestoff som supplement til det han har å seie om Tillich.

## Eksistensfilosofen Tillich

Drøftingane av dei ulike personane vi møter i *Mot til å leve* høyrer altså vel så mykje heime hos Holgernes som i Tillich si tankeverd. Av den grunn er formuleringa «et møte med» i undertittelen høveleg for korleis vi bør lese og forstå boka. Heller enn å gje oss ei Tillich-eksegese, lar Holgernes han kome i tale med andre tenkarar som har kjempa med liknande eksistensielle og religiøse spørsmål. Av den grunn er *Mot til å leve* ikkje ei generell innføring i Tillich sine idear, men eit møte kor filosofiske omgrep og samanhengane mellom dei blir prøvd ut og forsøkt sett i vidare filosofisk og samtidig kontekst.

//

//]]]]> // ]]>

Det bør nemnast at det i tråd med dette er ein nokså avgrensa del av tenkaren Tillich sin produksjon som slepp til. Tillich var først og fremst teolog, og hovudverket hans er det monumentale trebindsverket *Systematic Theology* (1951, 1957 og 1963). Der var målet å gjere ei nytolking av alle dei sentrale symbola i kristendomen på ein slik måte at dei kan danne eit system som er relevant, forståeleg og meiningsfullt for det moderne mennesket. Fordi dette verket står som eit fyrtårn i Tillich si tenking, er det påfallande at det ikkje blir omtalt ein einaste gong i løpet av *Mot til å leve*, kor fokuset er retta mot dei filosofisk orienterte bøkene *The Courage to Be* (1952),

*Dynamics of Faith* (1957) og *Grunnvollene rystes* (*The Shaking of the Foundations*), som kom på norsk i 1975.

**Desse tre bøkene er berre nokre av alle dei filosofiske tekstane Tillich forfatta, men dei er til gjengjeld dei mest leste og kjende av alt han skreiv. Utvalet bør av den grunn heller sjåast som eit utgangspunkt for eksistensfilosofisk refleksjon enn som eit forsøk på å ta høgde for alle sidene ved Tillich sin mangslungne forfattarskap.**

Det er altså som eksistensfilosof vi møter Tillich i *Mot til å leve*. Den første bolken av boka består av dei tre kapitla «Mellom væren og ikke-væren», «Død og skjebne» og «Skyld og fordømmelse». Grunnlaget for tematikkane er Tillich si angstanalyse i *The Courage to Be*. Med utgangspunkt i spørsmålet om kva det vil seie «å vere», drøftar Holgernes korleis angst for Tillich alltid handlar om moglegheita for ikkje å vere (Holgernes 2013:38–41). Her får Søren Kierkegaard kome til orde om det ontologiske skiljet mellom frykt og angst. På denne måten blir den positive karakteren til angsten skildra. I Kierkegaard si tenking er angsten uløyselig knytt til fridom. På bakgrunn av dette viser det seg at den vesentlege skilnaden mellom Kierkegaard og Tillich er i perspektiva dei legg til grunn for drøftingane sine om angst som eit trekk ved eksistensen.

**Medan Kierkegaard opererte med ulike stadium på livets veg, meiner Tillich at det finst ulike former for angst, som i kvar sin epoke i den vestlege historia har vore den dominerande. Kierkegaard fokuserer på enkeltmennesket medan Tillich i større grad opererer med ein historisk og sosial dimensjon.**

## Stadier på angsten sin veg

Med utgangspunkt i tanken om historisk situert angst følgjer ein gjennomgang av korleis Tillich såg for seg at den første epoken høyrer til i det gamle Hellas. I følgje han var dette ein kultur som gav uttrykk for ein særskilt angst for død og skjebne. Svaret på denne angsten manifesterer seg i eit forsøk på redusere han til ei frykt for meir eller mindre konkrete objekt som det går an å overvinne (Tillich 2000:45). Her ser det ut til at drøftingane Holgernes gjer i *Mot til å leve* i stor grad er uavhengige av Tillich sine eigne historiske utleggingar i *The Courage to Be*; dei fordrar av den grunn ein kort gjennomgang her. Hos Tillich er det først og fremst stoikarane som står i sentrum, som den filosofiske skulen som han meiner er det einaste reelle alternativet til kristendomen i Vesten. Dette fordi stoicismen i følgje Tillich gjev uttrykk for den basale religiøse haldninga ved at han konfronterer problema ved den menneskelege eksistensen (Tillich 2000:9).

Holgernes på si side har valt å gå endå lenger tilbake, til Homer og gudeskildringane hans i *Illiaden* og *Odyseen*. Dette for å finne tråden til det «heroiske-aristokratiske motet», forsøket på å overvinne ytre farar. På denne måten kan han konkretisere angsten for skjebnen, som hos Tillich er innsikta i at det som tilfell ein av både lykke og ulykke verken har ein logisk eller moralsk basis, men er vilkårleg (Holgernes 2013:67–68; jf. Tillich 2000:42–47). Slik blir tilhøvet mellom motet og angsten utforska på ein måte som nyttar seg av andre symbol og førestillingar enn dei vi finn hos

Tillich. Holgernes teiknar opp eit bilde av det greske samfunnet som ein tilkjempa orden eller kosmos, som stadig står fare for at kaoset skal bryte inn gjennom syndige handlingar som bryt med denne ordenen (Holgernes 2013:56).


**LES OGSÅ:** [Guds eksistens under lupen](#) • [På en glissen kirkebenk med Žižek](#) • [Skaperen og det skapte](#) • [Dworkins religiøse ateisme](#) • [Gamle bekjennelser i ny drakt](#)

Med det fører Hologernes lesaren mot ei historisk-sosial vinkling. Kapittel fire, med tittel «Fornuften og den instrumentelle tenkning», søker å konkretisere dei eksistensialistiske spørsmåla i vår og Tillich si samtid. Her blir framstegstanken skildra som ein moderne avgudsdyrking, som byggjer på det rasjonalistiske verdsettet vi kjenner frå mellom andre Galilei og Descartes. I ein kritikk som i hovudtrekk kan minne om den vi finn hos den tidlege Frankfurterskolen, blir utviklinga sett i samanheng med ei aukande isolering av individet frå fellesskapet. Det Tillich og Holgernes vil fram til er ei forklaring på korleis dei ekstremt kollektivistiske rørsleane som herja førre hundreår kunne oppstå. Ikkje uventa blir dette sett i perspektiv av angsten for meiningstap, som stammar frå avmystifiseringa av verda gjennom vitskapen: Når ein opplev at formålsrasjonaliteten brer om seg og lukkar moglegheita for ein genuin moralitet, slår individualismen om til eit behov for å høyre til noko større enn seg sjølv, noko ein kan gå fullstendig opp i. Dette blir det kasta lys over ved hjelp av Zapffe sin oppfatning om rolla ulike distraksjonsmiddel spelar i vårt strev for å oppretthalde livet, på trass av den tragedien dette livet er. Holgernes vil med dette vise kvar grensene for den ateistiske eksistensfilosofien går, og kvar han meiner Tillich kan finne ein veg vidare (Holgernes 2013:117–120).

### Fridomen sitt frambrøt

I Holgernes si framstilling går denne vegen gjennom humanismen, som også er tema for det femte kapitlet. Humanismen står fram som både ei opning for at mennesket sjølv kan ta ansvar for å forvalte fridomen sin, uhindra av dogmatisk religion og andre ytre maktinstansar, men også ei vidare vending mot det reint materielle og vitskaplege synet på verda, kor Gud blir redusert til ein medhjelpar i den produktive prosessen. I drøftingane av moderniteten i kapittel fire og fem legg Holgernes seg nærare opp til Tillich sine eigne utleggingar enn kva som var tilfelle i den første bolken. Rett nok blir også andre perspektiv trekt inn, men det er mest som supplement og kontrast til Tillich sine poeng, når Holgernes vil finne ut korleis den religiøse trua kan vere noko anna enn det dei ateistiske eksistensfilosofane avviser: altså ikkje ei tru på ein Gud som oppfyller behova våre, dei vere seg intellektuelle eller materielle.

**Framfor å ha lagt ein kritisk distanse til Tillich, har Holgernes valt å konfrontere humanismen sine alvorlege utfordringar overfor religionen, samtidig som han kritiserer denne tradisjonen for ikkje å finne nokon fullverdige svar på korleis ein bør leve i det meiningslause tilværet som blir lagt til grunn.**



//

//]]]]> // ]]>

– Der Nietzsche vil kvitte seg med alle restane av kristendomen sitt tankegods, vil Tillich reaktualisere det, i følgje Holgernes (Kjelde: Wikimedia commons)

For å understreke kor viktig denne problematikken er for humanismen tek Holgernes eit steg tilbake og vi får eit kapittel om Nietzsche og eit om eksistensialismen. Nietzsche er interessant i Holgernes si framstilling, fordi han i kritikken av den verdsfjerne religionen kristendomen har blitt er den tenkaren som står nærast Tillich sjølv, men også fordi dei står fjernt frå kvarandre i måten dei ser for seg vegen vidare etter Gud sin død på. Der Nietzsche vil kvitte seg med alle restane av kristendomen sitt tankegods, vil Tillich reaktualisere det (Holgernes 2013:145).

**MER OM NIETZSCHE:** [Munch maler Nietzsche](#) • [Nietzsches Allegro Feroce-sats](#) • [Nietzsche på utstilling](#) • [Avgudenes ragnarok](#) • [Prins Vogelfrei den fotrappe](#)

**Frå filosofi til teologi**

Sjølv om det reint formelt let seg trekkje eit skilje mellom den teologiske og den filosofiske forfattarskapen til Tillich, er det ikkje til å kome utanom at dei føreset kvarandre. Tillich arbeidde ut frå det han kalla korrelasjonsmetoden, som byggjer på ei arbeidsdeling mellom dei to disiplinane: Filosofen har som oppgåve å stille spørsmål; teologen har som oppgåve å svare på spørsmåla filosofien stiller. Sjølv om denne delinga ser streng ut på papiret hindra det ikkje Tillich frå å ta på seg begge oppgåvene. Allereie i måten han stiller spørsmåla sine på får vi eit tydeleg inntrykk av korleis svara vil bli sjåande ut. Det ser vi også i dei tre avslutningskapitla av *Mot til å leve*, som har fått namn etter tre karakteristiske termar i Tillich si tenking: «Guden bak gud», «Overskridelsen» og «Kirken under korset». Her blir spørsmålet om korleis det er mogleg for det moderne og rasjonelle mennesket å tru på kristendomen og Gud avgjerande.

## **Gud utan relevans?**

I nyare tid har det blussa opp att debattar om Gud sin eksistens og kva rolle religionen kan spele i dagens sekulære, vitskapsorienterte og tilsynelatande meiningstomme verdsåskoding (jf. Holgernes 2013:244). Ved å lese Tillich og Holgernes i lys av desse blir det tydeleg at dei gjev oss nokre radikale måtar å takle slike spørsmål på, måtar som burde vere av interesse for både den kristne og den ateistiske sida av debatten. Tillich si utlegging av kristendomen var uortodoks, ikkje berre fordi han tok avstand frå det å sette ein personleg gud i sentrum, men også fordi han så kraftig tok avstand frå ein kvar teologi som såg spørsmålet om Gud sin eksistens som i det heile tatt relevante for kjernebodskapen i religiøst liv og livnad. På ein måte blir Tillich med dette irrelevant for diskusjonen fordi han ikkje vil diskutere desse spørsmåla direkte, men med korrelasjonsmetoden gjer han det mogleg å diskutere kva omgrepet «Gud» betyr på ein måte som gjev meining ut over det at Gud er noko overnaturleg som krev eit trussprang om ein skal tru på Han, eit trussprang som ikkje let seg oppriktig sameine med det vitskapen fortel oss. I innleiinga av *Mot til å leve* skriv Holgernes at «[d]e problemer kirken ofte har med å imøtegå kritikken som reises fra tenksomme mennesker, er til sjuende og sist et resultat av at den langt på vei er berettiget» (Holgernes 2013:11).

//

//]]]]&gt; // ]]&gt;

I dette ligg det også ei form for pessimisme i Tillich si tenking. I *Grunnvollene rystes* seier han at «vår tids illusjoner har vært at vi kunne overvinne [endelighet, synd og tragedie] og at vi kunne oppnå trygghet i vår tilværelse» (Tillich 1975:25). Prosjektet hans dreier seg om moglegheita til å vere anstendige menneske på trass av tapet av eit kvart religiøst-etisk fundament etter modernismen sitt inntog. Trusomgrepet hans, som blir utførleg drøfta i *Dynamics of Faith*, og i nokon grad av Holgernes i *Mot til å leve*, er sentrert rundt det Tillich kallar «ultimate concern», som kort sagt er det noko – til dømes nasjonen eller religionen – som krev total underkasting av alle andre aspekt ved eins tilvære. Holgernes illustrerer korleis Tillich sin protestantisme består i ein syntese av på den eine sida ekstase, skildra slik det blir forstått i mystiske tradisjonar, og på hi sida Martin Luther si vektlegging av den personlege relasjonen til Gud. Trua handlar om å overskride augneblinken og ta mot til seg å fortsette å vere, både etisk, ontisk og åndeleg, på same tid som ein ikkje fornektar den eksistensielle angsten for eit meiningslaust univers. Slik distanserer Tillich seg frå det vi vanlegvis meiner med Gud. Han snakkar heller om Guden bak Gud, som først og fremst er eit symbol på moglegheita av eit åndeleg liv, og som i seg sjølv ikkje er forståeleg.

***Mot til å leve* er i og for seg i stand til å på ein klår måte å stille fram desse sidene ved Tillich, men det som gjer boka verdt å lese er først og fremst korleis filosofien kjem i tale med andre tenkarar via Holgernes sine særeigne tolkingar.**

## **Litteratur**

- Holgernes, B. 2013, *Mot til å leve: et møte med Paul Tillichs tanker og tro*, Cappelen Damm Akademisk, Oslo.
- Tillich, P. 1975, *Grunnvollene rystes*, Land og kirke, Oslo.
- ——. 2000, *The Courage to Be*, Yale University Press, Yale.
- ——. 2009, *Dynamics of Faith*, HarperOne, New York.